

**Til a. leiaren i interimstyret for menighetshus i Vats  
v/Sjur Inge Stødle**

**b. styret i Vindafjordhallen v/Kari Rødde**

## **Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval** **Torsdag 13. januar 2011 på Vats skule kl. 19.00**

**Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Hilde Fadnes Hølland, Kristin Ove Skare,  
Arve Mjølhus, Sverin Fatland, Jon Olav Velde  
(Anne Nesheim Myhre og Olaug Urdal kunne ikkje møta)**

### **Sak 4. Menighetshus i Vats.**

Grendautvalet er kjent med at det blir arbeidd med å få byggja eit eige menighetshus attmed kyrkja. Det er svært positivt å få samla seg om eit felles hus til gagn og glede for alle i bygda. At dette bygget blir i nærleiken av kyrkja er svært praktisk sidan Vats kyrkje ikkje er godt eigna til å vera ei funksjonell arbeidskyrkje for ulike aktivitetar i tilknytning til menighetsarbeidet.

Grendautvalet synes at det må la seg gjera å kombinera dette huset med Vindafjordhallen. At bygda skal drifta to "samfunnshus" som ligg så nær kvarandre, er kostbart og ressurskrevande. Ved å byggja ut ny forsamlingssal og rom til ulike aktivitetar i tilknytning til Vindafjordhallen og samtidig nytta felles kjøkken, vil vera bra for begge partar.

Grendautvalet ynskjer at dette vart drøfta og om slik samdrift lar seg gjennomføra.

**Vedtak:** Leiaren sender særutskrift til styret i byggekomiteen for menighetshuset og til leiaren i Vindafjordhallen og tilkjenne gir grendautvalet sitt syn i denne saka. Grendautvalet oppfordrar til at det blir drøfta eit bygningsmessig og samdriftsmessig samarbeid mellom menighetshus og samfunnshus i Vindafjordhallen.

Lar dette seg gjennomføra reint praktisk?

Øvre Vats 17. januar 2011

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-